

## **Ref. Ver med å påverke korleis vi skal ta vare på vassdrag, fjord og grunnvatn.**

### **Vatn er til for alle.**

Er grunneigar langs den lakseførande delen av Stårheimselva og eig ein fjerdepart av lengda, og felles eige lenger oppe i elva. Og omtrent kvart år er det fiska blank fisk i elva. Den lakseførande delen er 1100 m og Fylkesmannen sine analyser viser at det er mest yngel i den øvste delen. Elva er verdt å ta vare på som den er i dag utan kraftutbygging og endringar elles.

Vi har i dag utleigehus ved sjøen og tenkjer å kombinere det med elvafiske på sikt. Elles er Starheimselva ei flomelv som kan vere nesten tørr i periodar, utan kjelde som forøverig er utbygd og først til Sunnmøre, dessverre.

Kraftutbygging i elva vil vere svært negativt med tørrlegging av midtarste delen i periodar og endring av vassføring.

Tilstanden i elva i dag er god, det viser fiske.

Håper dette kan vere eit bidrag til å bevare ei naturleg elv i bygdesamfunnet og at det kan vere eit innspel i forhold til føremålet som nemnt.

6777 Stårheim 30.12.2013

Dag Kristian Starheim

Mobil: 918 09 065